



ÅLESUND
KOMMUNE

FRAMTIDSLABEN NORGE

INNSPEL TIL NASJONAL HANDLINGSPLAN FOR BEREKRAFTSMÅLA

Om Framtidslaben

[Framtidslabens](#) hovudmål er stimulere til handling gjennom prosjekt: **Gjennom prosjekt mellom partnarar skal Framtidslaben sørge for smart og berekraftig by-, samfunns- og næringsutvikling.**


I arbeidet fokuserer Framtidslaben i stor grad på følgende:

- Partnerskap
- Prosjektfasilitering
- Møteplassar
- Kunnskaps-, kompetanse- og erfaringsdeling

Framtidslaben er med i FN sitt nettverk for smart og berekraftig by- og samfunnsutvikling: U4SSC.


Framtidslaben er eit nettverk av partnarar frå privat næringsliv, akademia, organisasjonar og det offentlege. Partnarane skal samarbeide på tvers i prosjekt som skal bidra til å nå FNs berekraftsmål, der bruk av teknologi og simuleringsverktøy blir viktig.

Teamet i Framtidslaben skal legge til rette for at partnarane samarbeider om å realisere konkrete prosjekt med fokus på å nå berekraftsmåla. Ein viktig måte å gjere dette på er gjennom å skape digitale og fysiske møteplassar der idear og kunnskap kan utvekslast. Partnarane i Framtidslaben sitt på viktig kunnskap, kompetanse og erfaringar, som utgjør eit ressurscenter for berekraft.



Generell tilbakemelding til nasjonal handlingsplan for berekraftsmåla

Handlingsplanen skal vere eit *verktøy* i arbeidet med berekraft. Det må vere ein raud trå gjennom heile handlingsplanen med fokus på samarbeid på tvers av bransjar og sektorar, og gis tydelege retningslinjer for korleis vi saman skal jobbe med berekraftig utvikling nasjonalt.



Handlingsplanen må vere

- Tydeleg
- Konkret
- Lettlest
- Interaktiv

Handlingsplanen må fokusere på

- Tiltak
- Gode og felles indikatorar

Meir spesifikt:

Handlingsplanen må vere lett å bruke. Den må gi ei god oversikt over kva som må gjerast i arbeidet med berekraft, og kva som skal prioriterast først. Bedrifter og enkeltpersonar må lett kunne finne fram til utfordringar, moglegheiter og konkrete tiltak i arbeidet med berekraft. Dette betyr:


- Skildre mål og tiltak punktvis
- Spesifisere kva som bør fokuserast på
- Interaktiv handlingsplan: Ein kan lett trykke seg vidare, fram og tilbake, i dokumentet.

Mange kommunar er i gong med å måle kor smarte og berekraftige dei er gjennom U4SSC (United for Smart Sustainable Cities)-programmet. Vi meiner regjeringa bør gå inn og sørge for at alle kommunar i Noreg gjer det same; vere klare på kva KPIar som skal brukast. På den måten kan vi:

- Skape eit felles grunnlag for arbeidet med berekraftig utvikling
- Forbetre indikatorane saman
- Samanlikne og jobbe saman for forbetring

Målgruppe og mål

Handlingplanen må vere relevant for oss alle, på tvers av sektorar. Den må treffe bredt, og skape rom og eit ønske om å arbeide saman for å nå berekraftsmåla.



Innretning

Oppbygginga av planen må reflektere den raude tråden i handlingsplanen; samarbeid på tvers av bransjar og sektorar i arbeidet med berekraftig utvikling. Det er viktig at handlingsplanen kan brukast som eit intuitivt verktøy når ein arbeider med berekraft. De skildrar handlingsplanen som eit dokument på nettsidene dykkar, men må det faktisk vere eit dokument? Vi meiner interaktivitet er viktig.

Oppbygginga av planen bør vere

- Oversiktleig
- Enkel
- Interaktiv

Problemstillingar

Vi må ha ei felles forståing for kva utfordringar vi som samfunn står ovanfor. Problema må difor skildrast på ein tydeleg måte, basert på FN sine berekraftsmål.

Problemskilddringane bør vere enkle å forstå, konkrete og fokuserte på samarbeid på tvers.

Måling/rapportering

På nettsidene til berekraft.regjeringen.no/innspill er det lista opp nokre spørsmål de ønsker svar på. Under måling/rapportering er spørsmålet: «Hvordan kan handlingsplanen bidra til bedre måling og rapportering i din sektor?»

Her meiner vi at vi må tenke breiare, og ikkje sektorvis. Korleis kan vi sørge for betre målingar for samarbeid på tvers? Kva er likt mellom sektorane, og kva er ulikt? Kva treng vi? Korleis kan samarbeid føre til betring innad i ein sektor og mellom sektorar, og for samfunnet som heilskap?

Øvst blant berekraftsmåla er mål nr 17: Samarbeid for å nå måla. Utan samarbeid blir det vanskeleg å oppnå økonomisk og sosial berekraft, og ta vare på kloden vår. Vi må som nasjon legge til rette for samarbeid på tvers, og korleis vi måler berekraft må reflektere dette.

Handlingsplanen bør fokusere på målingar som

- Legg til rette for samarbeid på tvers
- Skaper openheit om utfordringar mellom sektorar
- Fokuserer på alle tre dimensjonane av berekraft (klima og miljø, livskvalitet for innbyggjarane og økonomi)
- Skaper samanlikningsgrunnlag mellom bedrifter og kommunar

Tiltaka bør vere

- Konkrete
- Tydelege
- Retta mot samarbeid på tvers

Framtidslaben Norge som eksempel

Framtidslaben i Ålesund er [eit eksempel](#) på korleis ein kan omgjere ord til handling. Vi ønsker å inspirere til meir handling, samarbeid og nyutvikling gjennom prosjekt, for å nå berekraftsmåla.

Eksempel på prosjekt i gang i laben

- [Smart plan-prosjektet](#) er i gang med å utvikle ein digital tvilling av Ålesund kommune, der det er mogleg å få visualisert ulike løysingar ved til dømes samfunnsplanlegging.
- [Digerneset Innovasjon-prosjektet](#) har som mål å gjere Digerneset Næringspark til eit knutepunkt i regionen og samtidig bidra til ein utsleppsfri transportsektor.
- [Smart Sirkulær by-prosjektet](#) skal bidra til å utvikle nye og framtidige løysingar gjennom smarte og sirkulære modellar, altså bruke alle ressursar best mogleg ved bruk av teknologi.
- [Ide Sektor Berekraft-prosjektet](#) skal utvikle eit program spesielt retta mot praktisk samarbeid mellom offentleg sektor og privat næringsliv, med mål om å skape berekraftige samfunn.

FNs KPI-analyser – U4SSC-programmet

17 FN-organisasjonar og ca 300 andre organisasjonar har utvikla eit sett med indikatorar (KPIar) for å måle kor smarte og berekraftige byar og regionar er. Dei 92 områda som blir dekte av analysen, dekker heile spekteret i eit samfunn, der digitalisering kryssar alle områda. Rundt 100 byar over heile verda har blitt evaluert av måleverktøyet. Fleire norske kommunar er no i gang med å gjennomføre evalueringa.

Vi oppmodar alle kommunane i Norge til å gjere det same, slik at vi saman kan:

- Samanlikne resultatane mellom kommunane
- Utvikle planer for samfunnsutvikling med fokus på berekraftsmåla
- Måle og evaluere effekten av innsatsen

Innspel frå partnarane i Framtidslaben


I tillegg til felles innspel, har Framtidslaben invitert partnarane til å kome med spesifikke innspel.

Desse innspela ønsker vi å vidareformidle, oppsummert her:

- Handlingsplanen må rettast mot alle dei tre dimensjonane innan berekraft; klima og miljø, livskvalitet for innbyggjarane og økonomi
- Målet er å nå dei 17 berekraftsmåla gjennom berekraftsmål nr 17: «Samarbeid om å nå måla»
- Måla og problemskildringane i handlingsplanen må opplevast relevant for alle sin kvardag, og vere fokuserte mot konkrete tiltak
- Offentlege innkjøp må i større grad legge til rette for at dei mest berekraftige løysingane blir prioriterte. Det bør bli utarbeidd klare retningslinjer og kriterier for kva som inngår som «berekraftige løysingar», og kva som er best praksis bør bli kontinuerleg oppdatert. Eit tiltak her kan vere meir fleksibilitet gjennom eit forenkla regelverk med rom for å gjere feil
- Vi må i større grad tenke sirkulærøkonomi, både i samfunnsplanlegging, og i samarbeidet mellom privat næringsliv og offentleg sektor. Per i dag er Noreg på jumboplass der berre 2,4 % av norsk økonomi er sirkulær. Det viser oppdaterte tal frå [Circularity Gap Report Norway](#). På verdsbasis er sirkulariteten målt til 8,6 %, og Nederland ligg på 24,5 %
- Det er viktig at dei som skal utøve målingane og tolke rapportane har tilstrekkeleg med kunnskap og kompetanse, både innan sektor/bransje, måleverktøyet og data.
- Regjeringa bør innføre betre økonomiske tiltak/verkemiddel inn mot kommunane og næringslivet, slik at det blir enklare og meir attraktivt å jobbe aktivt med berekraft

Lykke til med arbeidet!

Med venleg helsing
teamet i Framtidslaben ved



Marielle Furnes Mannseth
Dagleg leiari